

Ønskjer du ein spennande og lærerik arbeidsplass i Europas største pukkverk? Då er du velkommen til å søkje stilling i vår bedrift.

Ved Jelsa har me ledig fast stilling som

Automatikar/Elektrikar

med interesse og eigenskapar for PLS og automasjon. Vår elektroavdeling består av to lærlingar og seks medarbeidarar med eit breitt spekter av fagkompetanse.

Arbeidsoppgåver:

- Drift og vedlikehald av dei elektriske anlegga ved bedrifta
- Aktiv deltaking i forbetningsarbeid
- Registrering og rapportering i bedriftas vedlikehaldssystem
- Deltaking i bedriftas elektro vaktordning

Me ønskjer deg som har erfaring frå tilsvarande arbeidsoppgåver frå industri- eller produksjonsbedrifter med:

- Fagbrev som automatikar eller tilsvarande kompetanse
- Har erfaring som automatikar/elektrikar, fortrinnsvis innan industri
- God fagkompetanse
- Førarkort kl. B
- Kan norsk, både munnleg og skriftleg.

Personlege eigenskapar:

- Erfaring med feilsøking og programmering av PLS og automasjon.
- Arbeidssam og engasjert
- Gode mellommenneskelege eigenskapar, bidra til å skape eit godt miljø
- Godt humør og god helse
- Strukturert og ryddig

Arbeidstida er dagtid, men med kvelds- og helgevakt 5. kvar veke.

Me tilbyr:

- Hyggelege medarbeidarar i eit triveleg og godt fagleg arbeidsmiljø
- Gode moglegheiter til fagleg og personleg utvikling.



Norsk Stein AS avd. Jelsa har Europas største anlegg for produksjon av tilslag til asfalt og betong, vegbygging og offshorekonstruksjonar. Me er lokalisert i Suldal kommune, er 183 tilsette og 12 lærlingar og har ein årsproduksjon på over 11 mill. tonn. Sjå: <http://www.mibau-stema.com>

- Gode og trygge arbeidsforhold
- Gode pensjons- og forsikringsordningar
- AFP bedrift.

Me ønskjer mangfald blant våre tilsett og ønskjer søkjarar uavhengig av kulturell bakgrunn, kjønn og alder.

For meir informasjon kan du ta kontakt med:
Avdelingsleiar Elektro, Tore Thorsen, tlf. 52 79 29 00

Søknad med CV sendast innan 31.01.18 til:

Norsk Stein AS
v/Personalavdelinga
Berakvam, 4234 Jelsa
Eller på e-post: post@norsk-stein.no

